

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 27.07.2016
SAKSHANDSAMAR: Bård Humberstet
SAKA GJELD: **Internrevisjonsrapport - Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt i føretaksgruppa**

ARKIVSAK: 2016/2528
STYRESAK: **098/16**

STYREMØTE: **07.09. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.

Styret ser dette arbeidet som spesielt betydningsfullt i lys av dei omfattande planane som er under utarbeiding i alle føretak i Helse Vest.

Føremålet med revisjonen har vore å stadfeste at helseføretaka si planlegging av nye sjukehusbygg er tilstrekkeleg og hensiktsmessig for å kunne realisere forventta gevinstar.

Revisjonen har omfatta Helse Vest RHF, Helse Stavanger HF, Helse Fonna HF, Helse Bergen HF og Helse Førde HF. Metodisk er det nytta dokumentanalyse av relevant dokumentasjon frå helseføretaka og gjennomført intervju med leiarar og andre tilsette.

Hovudkonklusjon i rapporten: Føretaka er i ferd med å leggje eit godt grunnlag for realisering av forventta gevinstar i høve til planlegging og oppføring av nye sjukehusbygg.

Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling 17. juni 2016. Dette blei notert (protokollen er førebels ikkje godkjent):

Oppsummering:

Internrevisor Haakon Totland gjekk gjennom revisjonsrapporten. Hovudkonklusjonen er at føretaka er i ferd med å leggje eit godt grunnlag for realisering av forventta gevinstar i høve til planlegging og oppføring av nye sjukehusbygg.

Utvalet understreka at rapporten har ein god timing sett opp mot alle dei prosjekt som nå er undervegs i helseføretaka. Utvalet såg òg at rapporten ville ha relevans for styresaka om utviklingsplanar på kommande styremøte.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Revisjonsutvalet ser dette arbeidet som spesielt betydningsfullt i lys av dei omfattande planane som er under utarbeiding i alle føretak i Helse Vest.

Konklusjon

Internrevisjonen vil gi ei tilbakemelding til revisjonsutvalet når det er gått ei tid, om oppfølginga i HF-a og RHF-et. Det vil venteleg skje ved årsskiftet 2016/2017. Ei tilbakemelding til styret vil òg bli gitt på høveleg vis.

Vedlegg:

Internrevisjonsrapport om planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt i føretaksgruppa